

## Kunnskapsgrunnlag

Rapport III: Innbyggjarinnspel til kva for verdjar og kvalitetar vi må ta vare på i bygdene i Øygarden



### Innspel til ettertanke:

*«For at eg skal bli buande eller rettare sagt ynskja å bli buande vil eg ha kontakt med folk i lokalsamfunnet og at eg kan koma meg til butikk, lege, fysioterapi, apotek, kyrkje, bedehus. Eg ynskjer utsikt over fjorden. Så veit eg ikkje kvifor du spør. Kva kan du gjera noko med? Kva vil du gjera noko med? Spør du berre for at eg formelt skal vera høyrd? Eg kjenner deg ikkje og du vil vita».*

## Innhald

1. Innleiing .....	3
Kopling til samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034 .....	3
Nærare om innbyggjarinvolvering og medverknad i delprosjektet .....	4
Korleis lesa rapporten/kunnskapsgrunnlaget? .....	5
2. Kvifor er det godt å bu på bygda? .....	7
Kvifor har du valt å busetja deg der du bur? .....	7
Kva gir plassen særpreg og kva er du spesielt stolt av? .....	8
3. Korleis ønskjer dei som bur på bygda å bu i framtida? .....	9
Er det bustadtypar eller måtar å bu på som vi bør leggja til rette for der du bur? .....	10
Kva krevst for at du skal kunna bli buande i bygda di, eller kanskje flytta tilbake? .....	11
4. Viktige landbruksområde i Øygarden .....	12
Viktige landbruksområde nord i Øygarden som innbyggjarar meiner bør takast vare på .....	14
Viktige landbruksområde på Litlesotra som innbyggjarar meiner bør takast vare på .....	14
Viktige landbruksområde i områda Fjell-Ulveset og Kolltveit-Knappskog-Morland som innbyggjarar meiner bør takast vare på .....	14
Viktige landbruksområde sør i Øygarden som innbyggjarar meiner bør takast vare på .....	15
5. Område i Øygarden med viktige naturverdiar .....	16
Naturverdiar nord i Øygarden som innbyggjarar meiner bør takast vare på .....	16
Naturverdiar på Litlesotra – Bjørøy - Tyssøy som innbyggjarar meiner bør takast vare på .....	18
Naturverdiar i områda Kolltveit-Knappskog og Fjell-Ulveset som innbyggjarar meiner bør takast vare på .....	19
Naturverdiar sør i Øygarden som innbyggjarar meiner bør takast vare på .....	19
6. Områder som er viktig for innbyggjarane sine kvardagsaktivitetar og friluftsliv .....	21
Viktige friluftsområde og møteplassar nord i Øygarden .....	21
Viktige friluftsområde og møteplassar på Litlesotra og Bjørøy/Tyssøy .....	23
Viktige friluftsområde og møteplassar i områda Kolltveit-Knappskog og Fjell-Ulveset .....	25
7. Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring i bygdene .....	31
Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring nord i Øygarden .....	31
Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring på Litlesotra og Bjørøy .....	33
Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring i områda Kolltveit-Knappskog og Fjell-Ulveset .....	34
Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring sør i Øygarden .....	34
8. Korleis skal vi nytta kunnskapen i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen .....	37

## 1. Innleiing

Dette er den tredje rapporten i arbeidet med delprosjektet «lokalsenter-, kommunedelsenter- og bygdestrategiar». Prosjektet er del av kunnskapshentinga for å utvikla strategisk planprogram for arealdelen til kommuneplanen for Øygarden (jf. [KS-sak 232/23](#)). Innspela vi får gjennom medverknadsaktivitetar, skal fungera som grunnlag for politiske drøftingar om prinsipp for arealbruk i lokalsentra, kommunedelsentera og bygdene i Øygarden. Denne rapporten sumerar opp innspel frå innbyargarar, lag og organisasjonar som gjeld bygdene våre.

Kopling til samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden 2022-2034

[Samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden](#) (KPS), med vedtekne arealstrategiar, er førande for delprosjektet. Eit hovudgrep i vedtekne arealstrategiar er ein senterstruktur med fire nivå (jf. figur 1.1.). Denne senterstrukturen skal bidra til at innbyargarane, uavhengig av kvar dei bur i Øygarden, får

korte avstandar til tenester i sitt næraste senter.



Kvart nivå i senterstrukturen har tilhøyrande strategiar for korleis areala, på eit overordna nivå, skal nyttast, kva for funksjonar og tenester som typisk bør tilbyast og korleis både sentera og bygdene kan utviklast og styrkast med utgangspunkt i dei ressursane og kvalitetane dei har (jf. kapittel 9 i KPS).

I september-oktober 2024 har det vore ope for medverknad og innspel til kva for kvalitetar og verdiar som er viktig å ta vare på i bygdene. *Arealstrategiar for bygdene våre* (jf. kapittel 9.2 i KPS og faktaboks) har vore førande for kunnskapshentinga, men merk at også arealstrategiar for korleis *vi skal ta heile kommunen i bruk* (jf. kap. 9.1 i KPS), *styrka oss som næringskommune* (kap. 9.6) og *ta vare på naturen vår* (kap. 9.7) gir klare føringar for korleis skal nytta og forvalta areala i bygdene for framtida.

Kart 1.1. Senterstrukturen i Øygarden (jf. [Samfunnsdelen til kommuneplan for Øygarden](#)).

Kva skal vi oppnå med delprosjektet?  
I samsvar med mandat (jf. [KS-sak 232/23](#)) skal medverknadsarbeidet og kunnskapshentinga som gjeld bygdene bidra til å:

- utdjupa samfunnsdelen sine bygdestrategiar for nærmiljøutvikling, bustader og enkelt kvardagsliv for alle
- det må leggest vekt på at også eldre skal ha tilgang på gode og trygge bustader i bygdene
- legge til rette for landbruk og utvikla småskala næring basert på ressursane og identiteten/særtrekka som bygdene har

Innspel frå innbyggerane, i kombinasjon med [landskapsanalysen](#), [strandsonekartlegginga](#), [natur i Øygarden](#), [friluftsområde](#) og [landbruksverdiar i Øygarden](#) dannar viktig kunnskapsgrunnlag for å utdjupa arealstrategiane i KPS og utvikla prinsipp for framtidig arealbruk i bygdene.

### Nærare om innbyggerinvolvering og medverknad i delprosjektet

Arealdelen til kommuneplanen, som dette delprosjektet er ein del av, skal utarbeidast etter plan- og bygningslova, noko som inneber krav om medverknad (jf. pbl § 5-1). Kunnskapen som ligg til grunn for denne rapporten, byggjer på medverknad frå:

- barn og unge, i form av barnetråkk i barnehagar og grunnskulen (hovudsakeleg 5. og 8. trinn),
- digitale innbyggjarinnspel om kvalitetar og verdiar vi må ta vare på i bygdene
- tilrettelegging for gjestebod

Moglegheita til medverknad har vore formidla slik:

## 9.2 Arealstrategiar for bygdene våre

### Namn på strategien:

Vi skal styrka bygdene våre ut i frå at dei er svært ulike, med særneigne føresetnader og moglegheiter.

### 9.2.1 Viktige grep for å styrka bygdene våre

- Vi skal vidareutvikla levande bygder gjennom utbygging i etablerte grender.
- For at bygdene skal opplevast som moderne og attraktive bumiljø, skal vi leggja til rette for noko fortetting i og ved etablerte bustadområde, noko utviding av spreidde bustadformål og gjenbruk og modernisering av allereie bygde tomter og areal.
- Bygdene skal kunna tilby eit landleg og roleg liv, med god tilgang på kvardagsfunksjonar i sitt næraste senter.
- Legga til rette for aktive lokalsamfunn i bygdene, med møteplassar i form av uterom, samfunnshus, kontorfellesskap og liknande, både som nye etableringar og gjenbruk av eksisterande bygg.
- Her skal det vera rom for småskalanæring, landbruk, turisme, reiseliv og lokale bedrifter, også ved å gjenbruka areal eller ved å bruka gamle bygg på ein ny måte.
- Ein føreset av utnyttingsgrad skal vera lik 30 prosent BYA i heile kommunen, med unntak av senterområda.
- Det skal vera høve til å vedlikehalda eksisterande naust og sjøbuer slik at strilakulturen/kystkulturen vert vidareført.
- Det vert lagt til rette for nye naustområde og småbåthamner i kommunen.
- Vi skal ha god tilgang til utlegging av flytebrygger i kommunen i nye og eksisterande område.
- Legga til rette for etablering av trygge og effektive snarveggar og koplingar utan krav om universell utforming, som eit alternativt tilbod for gåande og syklende.
- Krav om vegutbetringar og trafikkisikringstiltak må samsvara med omfanget av utbygginga.

## 9.6 Arealstrategiar for å styrka oss som ein attraktiv næringskommune

### Namn på strategien:

Vi skal skapa gode rammevilkår for næringslivet.

### 9.6.1 Viktige grep for å styrka oss som ein attraktiv næringskommune

- Ut frå lokale føresetnader og ressursgrunnlag skal vi leggja til rette for næringsutvikling i heile kommunen.
- For at næringslivet i Øygarden leier an i det grønne skiftet og er ein innovativ og attraktiv næringskommune, skal vi ha fleksible og tilgjengelege areal på land og i sjø.
- Styrka og vidareutvikla dei store og viktige industri- og næringsområda våre, og peika ut nye/eigna område som støttar opp om framtidsette klynger og næringar i det grønne skiftet.
- Legga til rette for berekraftig, fleksibel og framtidsette havbruk. Arealbruk i sjø skal samordnast regionalt for å sikra best moglege vilkår for næringslivet, og for å ta vare på miljø og naturmangfaldet.
- Næringsareal skal vera kopla mot utbygd eller planlagt infrastruktur.
- Industri og transportkrevjande næringar skal vera kopla mot hovudvegfartråsar på land eller sjø.
- Prioritera landbruket framfor å bygga ned dyrka mark og viktige, både noverande og framtidige, beiteareal.
- Legga til rette for næringsutvikling og verdiskaping basert på kystkultur- og fritidsaktivitetar, reiseliv, kultur og landbruk i alle deler av kommunen vår, også der vi kan bygga opp om kulturhistoriske stadar.

- SMS til alle innbyggjarar og grunneigarar over 16 år med [lenke til nettsida](#) om meir informasjon (våren 2024)
- Annonse i Vestnytt i gjennom heile medverknadsperioden
- Informasjon på kommunen sine informasjonsskjermar
- Plakatar og flygeblad på kommunen sine innbyggartorg og bibliotek
- Artiklar på kommunen sine nettsider
- Informasjon på sosiale media
- Artiklar i Vestnytt
- Invitasjon og informasjon sendt på e-post til alle lag og organisasjonar i Øygarden
- Råda har oppfordra sine interessegrupper til å gje innspel og delta i medverknadsarbeidet

Alle offentlege og private skular og barnehagar i Øygarden har vore invitert til å gjennomføra [Barnetråkk](#). Til saman har 34 skuleklassar med 547 elevar frå 5.- og 8.-trinn, og 12 barnehagar i Øygarden gjennomført barnetråkk. Kunnskapen er summert opp i eigen [barnetråkk-rapport](#), og nytta som del av innspela til [lokalsenterstrategiar](#), [kommunedelsenterstrategiar](#) og i [kartforteljinga om kva for verdiar vi må ta vare på i lokalsentera og kommunedelsentera for framtida](#).

Blant skulane som har gjennomført barnetråkk, er fire av dei lokalisert i bygdene våre (Bjørøy, Kolltveit, Knappskog og Skålevik). Til saman 101 elevar på 5. trinn har her gjort barnetråkk-registreringar. Desse innspela er nytta i «bygdestrategi-rapporten».

I tillegg byggjer rapporten på innspel som vi har motteke i kartløyisinga «innbyggardialog» (41 innspel), «ArcGis Survey123» (16 innspel) og innspel mottekne i WebSak i forma av brev, e-post og gjestebod (25 innspel). Totalt, inklusive barnetråkk, har vi motteke 183 enkeltinnspel som gjeld bygdestrategiar.

### [Korleis lesa rapporten/kunnskapsgrunnlaget?](#)

Med utgangspunkt i vedtekne arealstrategiar i KPS og mandat for delprosjektet, har vi bedt innbyggjarane om innspel til seks tema:

- **KVIFOR ER DET GODT Å BU PÅ BYGDA?** Kvifor har du valt å busetja deg der du bur? Fortel om plassen du bur på. Kva gir plassen særpreg og kva er du spesielt stolt av?
- **KORLEIS ØNSKJER DU Å BU I FRAMTIDA?** Er det bustadtypar eller måtar å bu på som vi bør leggja til rette for der du bur? Kva krevst for at du skal kunna bli buande i bygda di, eller kanskje flytta tilbake?
- **VIKTIGE LANDBRUKSOMRÅDE:** Er det spesielt viktige landbruksområde, gardsområde, kulturmarker, enger eller tilsvarande i området der du bur, og som vi må ta vare på for framtida? Fortel om desse områda. Legg gjerne ved kart der du markera kor dei ligg.
- **ER DET OMRÅDE MED VIKTIGE NATURVERDIAR** der du bur? Både små eller store, som vi bør verna om for framtida? Fortel om desse naturområda, og legg gjerne ved kart der du markerer kor desse områda ligg.
- **AKTIVITETAR OG FRILUFTSLIV:** Kvar går kvardagsturen, og kvar finn du ro? Kvar er det særleg vakkert, og kvar møter du venner og naboar? Kvar badar eller fiskar du? Fortel oss om stader som er viktig for dine aktivitetar, og legg gjerne ved kart der du markerer kor desse områda ligg.
- **RESSURSGRUNNLAG, MØTEPLASSAR OG SMÅSKALA NÆRING:** Bygdene i Øygarden har ei rik kulturhistorie med attraktive ressursar i form av natur, sjø og ulike aktivitetstilbod. Kan slike

ressursar vera eit grunnlag for å skapa møteplassar i nærmiljøet ditt, tilby parsell hagar eller utviklast til eit opplevingsprodukt? Fortel oss kva du meiner kan skapast og utviklast i bygda di.

I kapitla som følgjer er innbyggjarinnspela systematisert og framstilt tematisk i tekst og kart. Tekst som i rapporten er sett i «*kursiv*», er direkte sitat og er brukt for å illustrera både mønster og geografiske særtrekk i innbyggjarinnspela.

## 2. Kvifor er det godt å bu på bygda?

Per i dag bur meir enn 16 000 innbyggjarar utanfor senterområda i Øygarden. Det vil seia at omlag 40 prosent av befolkninga bur på stader som i samfunnsdelen til kommuneplanen, er definert som bygd (sjå vedteken senterstruktur i kart 1.1.)

Tema «kvifor det er godt å bu på bygda» handlar om å få innsikt i kva innbyggjarane våre meina særpregar bygdene, og kva for kvalitetar eller verdiar som skapar identitet og kjensle av å høyra til i den bygda dei bur i. Temaet er delt opp i to spørsmål, der vi har bedt om innspel til kva som særpregar bygda dei bur i, og kvifor dei har valt å busetja seg på denne plassen.

### Kvifor har du valt å busetja deg der du bur?

Når innbyggjarane fortel om kvifor dei har valt å busetja seg på bygda, er det nokre kjenneteikn som går att, og gjeld uavhengig av kor i Øygarden dei bur.

Ei gruppe innbyggjarar skriv at staden dei bur på er «*heimplassen*» deira, og ein stad der dei kan leva eit «*roleg liv*» midt i «*naturen*». Dei fortel også om «*slekt*», «*røter*», «*familietilknyping*» og/eller at dei har odla ein «*gard der generasjonar har drive og budd*» lenge før dei. Typiske dømer er:

- «*Har vore heimplassen min sida eg var liten. Roleg bygd. Lite trafikk*».
- «*Eg har vakse opp med odel på familiegarden vår, og det var naturleg for meg å overta denne, busetje meg landleg og drive garden vidare. (...) Eg er veldig glad i staden som landbruksbygd, med gardstun, grønne marker, kulturbeite og utmarksbeite*».
- «*Tilknyting til slekt var avgjerande (...). Å bu midt i naturen, blant berg og knausar, vatn og utmark, lyng og brake i eit ope landskap er gull verdt. Stille og roleg, passe og god avstand til naboar, passe avstand til skule, idrettsanlegg og buss. Velforeining, veg, veglys, badevatn og nærleik til sjø. Eg er stolt av å bu på ein slik plass som har alt eg kan ønskje meg for min familie*».

Ei anna innbyggargruppe fortel om at dei søkte mot ein plass å bu som kan tilby «*tryggleik*», «*fred*» og «*ro*». Slike forteljingar kjem ofte frå dei som har flytta tilbake, eller dei som har søkt mot kjente eller eigenerfarte kvalitetar ved bygda som dei set høgt; så som «*nærleik til natur og sjø*». For å kunna forstå kva slike verdiar handlar om, ber ein innsendar oss lytta til teksten: «[Sangen til bygda](#) - av Anne Marie Kvien» (songtekst i boks til høgre).

Ein annan innsendar beskriv val av buplass slik: «*Denne plassen har en fantastisk utsikt over byfjorden, der man får se alle båtene som går forbi. Det oppleves som en trygg plass å bo for store og små. (...) har nærhet til det meste, men*

### Sangen til bygda

(av Anne Marie Kvien)

Jeg vil vandre på fjellet i vinden  
Jeg vil strykes av solen  
Få roser på kinnet  
Jeg vil rope til Gud imot stormen  
Jeg vil rope bort ondskap  
Fornyes i formen  
Jeg vil hvile på mosen blant  
busker og stener  
Jeg vil tro på  
at godhet forener

Jeg vil bo i ei bygd nærme skogen  
Jeg vil bo der hvor elven var hav  
Jeg vil bo i en bygd nærme skogen  
Jeg vil bo der jeg levde som barn

Jeg vil plukke av multer i myra  
Jeg vil male de farger som finns i  
naturen  
Jeg vil lytte til suset fra trærne  
Jeg vil fange opp lyset og ånde  
inn freden  
Jeg vil leke og smile og danse  
Og syng  
Jeg vil håpe at Bygder får leve

Jeg vil bo i ei bygd nærme skogen  
Jeg vil bo der hvor elven var hav  
Jeg vil bo i en bygd nærme skogen  
Jeg vil bo der jeg levde som barn

Jeg vil tro at vi verner om  
mennesker  
Og om plasser og bygder der  
sjeler får hvile  
Jeg vil tro at vi takker for livet  
At vi bygger vårt livsverk  
på godhet og glede  
Jeg vil sitte og minnes men leve i  
nuet. Jeg vil bo nærme noen jeg  
kjenner

Jeg vil bo i ei bygd nærme skogen  
Jeg vil bo der hvor elven var hav  
Jeg vil bo i en bygd nærme skogen  
Jeg vil bo der jeg levde som barn

*samtidig finner du stillhet og ro. Det var salgspunktet når jeg var der på visning en kveld. Her virket det trygt og godt. Samtidig er det kjekt å møte alle som går på tur, som hilser og stopper for en prat. Det viktigste er likevel, at jeg ikke er bekymret når barnet mitt er ute i nabolaget. Det er trygt å ferdes og de har masse lekeareal».*

### Kva gir plassen særpreg og kva er du spesielt stolt av?


Implisitt i forteljingane om kvifor dei har valt å bu på bygda, ligg også ei forteljing om dei kvalitetane

og verdiane som bygda har for innbyggerane: «Det er vakker natur, rett ved sjøen, samhold, identitet og historie».

Som illustrert i desse innspelsorda handlar dette om plassen sitt særpreg, kva dei er stolte av, skapar identitet og knyter dei til staden dei bur på.

Figuren til venstre illustrera kva som er dei mest nytta orda i innspela for å beskriva særpreget til bygda dei bur i.

Figur 1: Tal gonger ord er nytta for å beskriva særpreg ved staden dei bur.



Grovt kategorisert er dei orda som oftast går att for å beskriva bygda, knytt til gardsbruk, landbruk, landskap, (inklusive så som kystkulturlandskap, kulturlandskap), natur og sjø. Desse bygdekvalitetane er dei stolte av og gjer at dei opplever plassen som «ein god stad å bu»: «Her kan me leva det gode liv med nærleik til naturen på land og sjø. Matauk frå hage, bær i utmarka, fisk i havet. Eit aktivt liv for dei yngre og pensjonistane».

*«Vi elsker bygda vår med mangfald av eldre og unge og tilbod av aktivitetar for store og små. Vi har sjøsport, teater, musikk og idrett. Eg og mannen min starta dagens allidrettsgruppe for våre barn da de var små. Vi hadde da rundt 20 deltakara og i dag er det blitt fleire hundre, med barn frå alle bygdene. Heilt fantastisk! Vi er sjølvsagt stolte over at nye krefter har tatt dette vidare».*

Andre døme på kva som gjer dei stolt av plassen dei bur er: «Å skapa ein levedyktig gard med matproduksjon og tilleggsnæringar. Oppleva fiskarbondens liv slik fiskarbonden levde. Arbeida med dyr og folk tett på naturen. Ta vare på kystkulturlandskapet og dei gamle lyngheiene gjennom bruk. Oppleva artsmangfaldet i skjøtta kystkulturlandskap både i dyreliv, planteliv og fugleliv».



Dei gode bygdekvalitetane vil dei også ta vare på for framtida: «*Hei, eg vil berre fortelja litt om bygda vår (...), og håpar at generasjonar som kjem etter oss skal få ha den slik den er i dag. (...). Her har vi mange flotte plassar. Bada, fiska, fanga reker, kokt i fjæra og spist. Håpar dei som veks opp skal få dei same moglegheitene som vi har fått og ikkje bli øydelagt*».

I tillegg til dei verdiane og kvalitetane som naturen byr på, løftar mange fram kor viktig eit «*aktivt lokalmiljø, godt naboskap, samhald og møtestadar*» er for folk som bur i bygdene. Uavhengig av kvar dei bur, skriv mange om betydninga av frivillige, velforeininga, grendelaget, idrettslaget, kyrkja og ulike trussamfunn. Nokre illustrerande dømer er:

«*Det tok lang tid å bli kjent med naboar, særleg for oss som ikkje tek så mykje initiativ. Då er det fint med ei velforeining som ein gong iblant steller til dugnad der alle treffest. Å leggja til rette for velforeiningar og nærmiljøutval trur eg er særst viktig. Å kunne bruka dei aktivt i utforminga av lokalsamfunnet har eg stor tru på*».

«*Bygdene har eit aktivt lokalmiljø der vi som har vakse opp her, inngifte, familie, tilflyttar og hyttefolk trivest svært godt. Det aktive lokalmiljøet gjev oss trivsel, nærheit og venskap. Område har fleire bygder frå den tid sjø og hamn var det som skapte busetnaden. Dette ynskjer me å ta vare på i den framtidige utviklinga. Med NMU har samhandling mellom bygdene blitt ei positiv utvikling for området. Med tilgang til sjø og natur har vi ein viktig trivselsfaktor på plass- tilgang til turstiar, godt naboskap med samhold og stor dugnadsvilje. Det er liv i kvardagane*».

Grendahuset, bedehuset eller tilsvarande møtestad, er ofte «limet» for aktivitetar og trivsel:

«*Lokalsamfunnet har i dag et godt fungerende idrettslag som har aktivitetar for dei minste barna og ungdom. Idrettslaget har og en Linedansklubb. Velforeininga har barneklubb og ungdomsklubb som har aktivitetar i grendahuslokalet. Det er også en liten Toradar-klubb som øver i grendahuslokalet. Bedehuset har aktivitetar. Velforeininga arrangerer diverse arrangement for alle generasjonar*».

### 3. Korleis ønskjer dei som bur på bygda å bu i framtida?

Spørsmål knytt til korleis innbyggjarane på bygda ønskjer å bu i framtida handlar om «bustad for alle», og tek utgangspunkt i vedtekne arealstrategiar for å styrka bygdene våre:

- Vi skal vidareutvikla levande bygder gjennom utbygging i etablerte grender.
- For at bygdene skal opplevast som moderne og attraktive bumiljø, skal vi leggja til rette for noko fortetting i og ved etablerte bustadområde, noko utviding av spreidde bustadformål og gjenbruk og modernisering av allereie bygde tomter og areal.

I mandat for delprosjektet «bygdestrategiar», er det presisert at: «*det må leggest vekt på at også eldre skal ha tilgang på gode og trygge bustader i bygdene*». Blant innspela vi har fått ligg mange oppfordringar til kommunen om å «*ta omsyn til at eldre ønskjer å kunna bu i den bygda dei bur i i dag*»:

«Hei dere. Jeg fikk ikke være på det møte dere hadde. Jeg sender derfor en mail med mine innspill. Forland er en veldig trivelig bygd å bo i. Og folk ønsker gjerne å bo i denne bygden som de er så glad i, i hele sitt liv. Mange opplever dessverre å måtte flytte ut av bygden når de blir eldre. Da er kanskje huset de har bodd i for stort, og de ønsker noe mindre i samme bygden. Da må de ofte flytte innover til mer sentrale strøk for å få noe som er egnet. Vi ønsker at det skulle vært mer tilrettelagt her med seniorboliger, hvor de kan klare seg lenge hjemme og ha det sosialt samtidig som de får bo i bygden som de er så glad i. La oss private få slippe til og utvikle våre eiendommer til dette formålet».

Her kjem fleire døme:

«Mine foreldre er over 80 år og stortrivest i bygda Glesnes. Dei har ikkje ønske om en seniorleilegheit i Skogsvåg eller Straume. Dei vil ha tilrettelagt for at de kan fortsette å bu på Glesnes. Dei trekker frem viktigheita med å være saman med unge og eldre, hvor en kan hjelpe og støtte kvarandre. Dei vil bu i klyngetun eller små leilegheiter som dei kan eie eller leige. For å møte eldre bølga foreslår vi at Glesnes kan bli ei «pilot-bygd» hvor vi utviklar slike bufellesskap».

«Me ønskjer å bli buande i Blomvåg så lenge me klarar (...). I framtida ser me føre oss at det hadde vore fint å kunne bu i eit slags bufellesskap som i tillegg til mindre private bueiningar også kunne ha fellesareal som for eksempel spisesal, treningsrom, bibliotek, drivhus og grønne uteområde».

Dei fleste innspela handlar om eldre sine bustadønskjer, men det blir også peika på behov for bustader på bygda til yngre: «Eg har budd på bygda med meg og min familie og har sjølv valt å bu her med mine tre barn. Vi håper nå at kommunen legg til rette for at våre barn og foreldre kan bli buande her i framtida».

Eit anna innspel formularar det slik:

«Vi ønsker å tenke utanfor boksen og håper vi blir lytta til. Vi har en sterk tro på at bygdene sin eksistens blir løysinga på komande eldrebølge, økt innbyggartal og førebygging av kompetanseflukt frå kommunen. La dei eldre få bu i bygdene sine og la dei unge få lov å koma tilbake med økt kompetanse som bidrar til vekst. Nå som Sotrasambandet er i full utvikling må vi nytta anledinga til å framsnakke mangfaldet og moglegheitene i kommunen. Ei køyretid på 30 min frå Glesnes eller Tælavåg er framtida om kun få år. Ver framtidsretta og tenk vekst i alle deler av kommunen. Sjølv sagt må noko sentraliserast og det er ok, men la oss holde liv i bygdene».

### Er det bustadtypar eller måtar å bu på som vi bør leggja til rette for der du bur?

Innspela som gjeld bustadtypar for eldre handlar særleg om behov for «klyngetun» og/eller buformer som inviterer til fellesskap; også mellom generasjonar:

- «Vi ønskjer klyngetun og kolonihagar på deler av dyrka mark på Århaugen, men bevare det resterande. La unge og eldre få mulighet til å være saman og ta del i gardstradisjonar. Utvikle et bumiljø som bygger relasjonar og fellesskap som er tufta på å hjelpe og ta vare på kvarandre, og som forebygger ensomhet og mistrivsel i alle generasjonar. Politikarane må opne meir opp for at de som har gardsbruk kan ha mulighet til å gi tomter til sine barn. Sjølv om vi ønsker å ta vare på

*landbruk må det gis større handlingsrom til grunneigaren, slik at en kan få til næring som finansierer ivaretaking av garden og eventuelt kulturlandskap. Det må legges meir til rette for lønnsomhet i gardsdrift».*

- *«Kunna bygga eit lite klyngetun med 3-4 hus vestom det gamle huset».*
- *«Kunna fortetta på eigedomane med et lite hus til besteforeldra slik at den yngre generasjon kan flytta inn i ein bustaden. Slik kan dei yngre og gamle hjelpe kvarandre lettare, og barnebarna har kort veg til besto og besten når foreldra sler seg vrange».*
- *«Vi bur her fordi vi vil bu slik vi gjer no. Men det er fint at dei som treng det kan få kjøpa seg eller bygga seg eit litt mindre hus/tomannsbolig når eineboligen eller småbruket vert for krevjande å ta vare på».*

Desse utvalde innspela handlar om å kunna byggja på «*eigen gard eller gardstun*». Andre spelar inn at det bør fortettast med små og enkle bustadar i dei etablerte grendene i Øygarden:

- *«Det er viktig at dei små bygdene (fiskarsamfunna) får utvikle seg gjennom fortetting og oppgradering av infrastruktur. På den måten vil ein involvere og oppretthalde bygdekulturen».*
- *«Ein viss konsentrasjon av bustader på eit plan som bidreg til nabotrivsel/-støtte og hjelp i tillegg til dei offentlege heimetenesene. Det må leggjast til rette for eldretun med til dømes aktivitetsrom».*

Ei tredje innbyggargruppe er opptatt av at kommunen fram i tid opprettheld moglegheita for å bygga spreidd, og ikkje i bustadfelt:

- *«Vi er mange som ynskjer ei naturleg utvikling i høve til spreidd busetnad i området her, og vi ynskjer å bu fritt og spreidd, ikkje i byggfelt. Fleire unge ynskjer det same, men må kjempe i årevis for å få lov til å byggje seg eit enkelt hus. «Alle» skal inn i godkjente og regulerte felt. Eg vil gjerne bu her vidare, og håper at neste generasjon òg vil det, men kjenner på at det gode og frie livet «på landet» står i fare for å bli bygd vekk, og inne, av store og regulerte felt. Det må vere mogleg å få byggje seg frittstående einbustader, utan å måtte regulere eit større område, eller byggje tettare. Bygdene har mista, og mister, sin eigenart når alle skal i byggfelt. Eg vil òg påstå at vi mister litt av kulturen med å byggje identitet og tilhøyrighet i området med raske og store utbyggingar (...). Håper det aldri kommer tilsvarende boliger her som det er på Straume».*

Andre meiner det må satsast meir på å bygga «*små bustadeiningar med meir uteareal*»:

- *«Jeg ønsker at i den grad det bygges boliger, bygges mindre boliger. Heller ha fokus på areal til selvdyrking knyttet til boliger = mindre boliger og større grøntområde. At eldre skal få bo i boligfellesskap i nærhet til tjenester som eldre er avhengig av. At det skapes mye flere samlingspunkt for mer fellesskap, også grøntområder og parker. Nærhet til natur er avgjørende for at jeg vil bo på Knappskog».*
- *«Ynskjer at det blir lagt til rette for konsept med fellesområde som utvidar utesesongen».*

### **Kva krevst for at du skal kunna bli buande i bygda di, eller kanskje flytta tilbake?**

Innbygarane våre er også bedt om å gje innspel til kva som krevst for at dei skal bli buande på bygda, eller eventuelt flytta tilbake. Tilbakemeldinga på spørsmålet handlar i stor grad om tenestetilbod, og særleg viktigheita av barnehage og skule: «*Vi ønsker nærscole der barna kan gå*

*eller sykle til skolen. En nærscole er mer enn et bygg der elevene får sin skolegang, det er også et hjerte i nærmiljøet, et sted som kan være et samlingspunkt i skolekretsen. Skolen blir da et sted for vennskap, samhold mellom barna og deres familier. Ingen vil flytte til et område uten nærscole når de har barn i skolealder».*

Andre formulera det slik:

- «For at jeg skal bli boende, må skolen bestå».
- «Jeg kunne gjerne ønsket meg å flytte lengre utover på Sotra i en større enebolig, men dette krever at det er en skole/barnehage innen 20 minutt gange for barna. Jeg ville nok ikke bodd der jeg bor nå dersom det ikke var butikk eller skole»
- «Dersom skolen og barnehagen legges ned, vil det dessverre være uaktuelt å bo her mer. Til tross for hvor fint det er å bo her, så vil det ikke lønne seg. Det blir vanskelig å få hverdagen til å gå opp om jeg må kjøre mine barn til og fra skolen (...) Jeg vet at veldig mange bekjente har vurdert å flytte dersom skolen legges ned».

«Når det er snakk om å leggja ned skular for å spare pengar, har ein då rekna med prisen det kostar å ta vekk dette viktige samlingspunktet. Ikkje i kroner og øre først og fremst, men i samhold og fellesskapsbygging. Å senda borna ein halvtime vekk i buss til ein stor skule gjev ikkje lokal tilhøyrsløse, men eit inntrykk av at pengar er viktigare enn folk og at å spare inn utgiftene på ein skuleadministrasjon og nokre lærarar er viktigare enn å vera stolt over bygda og å bli kjent med sitt eige nærmiljø og kunne bruka det aktivt i undervisninga. I samband med nedlegging av skulen har mykje av engasjementet lagt seg då ein ikkje lenger har noko samlingsplass».

I tillegg til barnehage og skule er det mange som meina at bygdene «treng folk i alle aldra». Kommunen «må vera til stades i alle fasar av innbyggjaranes liv!». Til dømes blir det peika på at pågåande sentralisering av eldre sitt tenestetilbod, kombinert med dårleg kollektivtilbod, gjer at tenestetilbodet til denne gruppa blir sterk svekka.

Eit levande bygdesamfunn treng «barnehage, nærscole, fritidstilbod, arbeidsplassar og områder for bustadar (...). Denne kombinasjonen trur eg byggjer lokalsamfunn best». I tillegg er det mange som løftar fram nærbutikken, enten fordi den er viktig for dei (også som møteplass), eller fordi det bør setjast av areal til ein nærbutikk i framtida.

## 4. Viktige landbruksområde i Øygarden

I arbeidet med arealdelen til kommuneplanen er det utarbeidd ei [kartforteljing](#) og eigen rapport om [viktig landbruksareal, matjord og jordvern i Øygarden](#). Som det går fram av dette kunnskapsgrunnlaget er det no stort nasjonalt og internasjonalt fokus på at jordressursane må tas vare på. Dette gjeld også for Øygarden og skal bidra til å sikra framtidig matproduksjon og beredskap, opne natur- og kulturlandskap, kulturmiljø og naturmangfaldet i kommunen.

I Øygarden har vi 16 428 dekar landbruksjord, noko som utgjer omlag 5,2 prosent av landarealet i kommunen. Dette arealet er viktig å ta vare på. Difor har vi i samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden (KPS) vedteke eigne arealstrategiar om å ta vare på jordressursar og styrka landbruket. I KPS står det at vi skal leggja til rette for verdiskaping og næringsutvikling basert på landbruk, og:

«Prioritera landbruket framfor å bygga ned dyrka mark og viktige, både noverande og framtidige, beiteareal».

I medverknadsarbeidet knytt til «bygdestrategiar» har vi invitert innbyggerane våre til å gje innspel om kva for landbruksområde, beitområder, kulturmarker mm. som dei meiner er viktig å ta vare på i det området dei bur. Innspel som er kartfesta<sup>1</sup> er vist i figur 4.1., men merk at det finst fleire områder som innbyggerar meina er viktig å ta vare på, som berre er omtalt i tekst. Desse innspela er nærare omtalt i delkapitla som kjem.



Figur 4.1. Innspel til landbruksområde som innbyggerar har kartfesta og meina er viktig å ta vare på i Øygarden.

<sup>1</sup> Innspela er gitt i to ulike kartløyisingar, der ei kartløyising gjorde det mogleg å markera større områder/felt og den andre berre «punkt» i kartet.

**Viktige landbruksområde nord i Øygarden som innbyggjarar meiner bør takast vare på**  
**Frå Hellesøy og Bakken** krins viser innspela til «*landbruksområde i Hjelme og Sæle. Utmarka (beitemark) på Sæløy - mellom Bakken, Hellesund, Sæle og Hjelme, samt Hopøy og området vest for Hjelme kyrkje ut til Gløvrebu*».

Innspel frå **Blomvåg** er sterkt prega av at innbyggjarane vil ta vare på den naturen dei har att:

«*Generelt meiner eg at ein bør leggja til rette for kontrollert dyrking av utmark og jorder i staden for irreversibel utbygging og skaping av «steinørken» der ingenting kan veksa. Me treng å ta vare på all natur som ikkje er nedbygd til industri i dag. Syt for at Blomøy og vert grøn».*  
«*Utbygging av vegsystem og industriområde er irreversibelt for all framtid*» (sjå også kapittel 5).

Når det gjeld områder som er spesifikt viktig for landbruket: «*tykkjer dei det er viktig å halde fast på beiteområda for sau og villsau*». Blant anna er: «*Vestsida av Steinsvatnet viktig kulturmark og utmarksbeite for sau*», og må tas vare på. Gardsdrift i området, gjerne med felles andelshage, parsellhage eller tilsvarande meiner dei må vernast om og halda fram.

Det er også kome innspel frå **Alvøy**-området. Der viser dei også til viktigheita av beiteområde for villsau: «*Beiteområde i utmarka mot Langesund er viktige beiteområde for villsau. Området er også viktig for dyre og planteliv slik at kystområdet ikkje blir overgrodd*». Det blir samstundes lagt til: «*Fjerne LNF-nei-område for alle med GNR:5 mot sjø og nærområde rundt veg og utmarks område. Ref. og skriv til kommunen frå velforeninga. Saksnr. 24/10764 – 38*».

**Viktige landbruksområde på Litlesotra som innbyggjarar meiner bør takast vare på**  
Frå områda på Litlesotra er det få innspel, men dei vi har fått viser til viktigheita av å ta vare på det som er igjen av LNF-område i Knarrevika-Hjelteryggen-Valen-Brattholmen. Meir spesifikt blir det vist til: «*eldre landbruk/gardsbruk i Snekkevik som kan vera viktig å ta vare på eller bruka på ein ny måte*». (Sjå også rapport om [innspel til lokalsenterstrategiar](#) og kartforteljing [«Verdiar vi skal ta vare på for framtida – Strategiar og prinsipp for kommunedelsentera og lokalsentera»](#)).

Det er og kome innspel som gjeld **Foldnes**. Også her meiner dei det er viktig å ta vare på dei gardsbruka som er att: «*Siden dagens kommuneplan har åpnet opp for regulering og dermed utbygging av alle de opprinneleg gårbrukene på Foldnes, så er flere gårbruk blitt regulert til bolig og da fortetting. Dette ødelegger hele miljøet og fører til at man ikke kjenner naboen sin lenger. Synes det er viktig å ta vare på det som er igjen og kun tillate spredd bustadbygging som er naturlig tilvekst til garden og heller tillate bebygging i utmarken på vestsiden av innmarken*».

**Viktige landbruksområde i områda Fjell-Ulveset og Kolltveit-Knappskog-Morland som innbyggjarar meiner bør takast vare på**  
**Fjell-Ulveset-området** er eitt av kommunen sitt største samanhengande landbruksareal, med «*både dyrka mark, kulturbeite og utmarksområde*». Dei siste åra har landbruksområdet vore utsett for press: «*med storstilt utbygging av bustader/bustadfelt. Noko som legg stort press på LNF område*». Difor meina dei at landbruksareala: «*må vernast om i høve til utbygging og nedlegging. Ulveset er ei unik landbruksbygd som må tas vare på og skjermast, slik at vi bevarer den som det framover. Dette er ei kulturarv som alle i kommune må hjelpe til med å verne, ta vare på og vidareutvikle*»:

«Vi ynskjer ei naturleg utvikling i høve til spreidd busetnad i området, men kjenner oss makteslause i høve til store felt tett innpå landbruksområda. Vi når ikkje fram med argument i høve til omsynssoner, o.l. Skal vi bevare og halde på landbruket i kommunen må ein sjå på dette. Landbruket kan heller ikkje konkurrere økonomisk med tomteprisar og sal av byggjeland, så her må både kommunen, og den einskilde med landbrukseigedom gjere nokre val. Eg forstår godt dei som sel i staden for å kjempe vidare i eit lite prioritert landbruk på vikande front. Samstundes er der mange unge som gjerne vil inn i landbruket, men dei slepp ikkje til, då mange vel å sitje på gardane, med mogleg profitt i høve til utbygging og sal lengre framme. Kommunen må vere tydeleg og klar på kva dei vil med landbruket og dei landbruksområda vi har - òg vidare inn i framtida».

Innbyggerane legg til at aktivt landbruk, med beiting av utmarksområda, også er avgjerande viktig som brannførebyggjande tiltak i området: «Det viktige arbeidet med dyr, tilsyn, gjerder og beiting som bøndene legg ned her, må vernast om og tilretteleggast for, med tanke på godkjenning av tilkomst og bruk av områda».

Innbyggerar frå området **Kolltveit, Knappskog, Morland** meiner også det er «viktig at dei få gjenvarande landbruksområda, kulturmarkene og beitemarkene for sau (t.d. i tilknytning til Midtmarka), som er i drift i området, blir bevart og haldt i hevd».

«Ta vare på kystkulturlandskapet og dei gamle lyngheiene gjennom bruk. Skjøtsel og beiting gjev også redusert brannfare».

Dei legg til: «Dette er viktig for å ivareta bygda sin identitet, bevare kulturlandskap og kulturhistorie, sikra sjølvforsyninga i kommunen og kunnskapsformidling til oppveksande generasjonar. Det handlar også om livskvalitet for folk i nærområdet».

**Viktige landbruksområde sør i Øygarden som innbyggerar meiner bør takast vare på**  
Sør i Øygarden har vi fått innspel som gjeld ivaretaking av landbruksområde frå Glesvær, Telavåg og Visterøy/Buarøy.

Frå **Glesvær** er det meldt inn at dei ønsker å laga klyngetun og kolonihagar på deler av dyrka mark på Århaugen, men bevare det resterande. Landbruket må tas vare på, men samstundes «må det gis større handlingsrom til grunneigaren, slik at en kan få til næring som finansierer ivaretaking av garden og eventuelt kulturlandskap. I dagens samfunn må det legges meir til rette for lønsemd med gardsdrift». Dei argumentera også for at «politikarane må opne meir opp for at dei som har gardsbruk kan ha moglegheit til å gi tomter til sine barn». (Jf. kapittel 2 om korleis dei ønskjer å bu).

I **Telavåg** fortel dei at landbruksaktiviteten, blant anna med fleire beitedyr, har tatt seg opp dei siste åra. Dette «er kjekt å sjå» og viktig for å ta vare på den bygda dei er så stolte av: «husa og gardane ligg tett, men samstundes spreidd mellom dei grøne fine markene (...). Samspelet mellom utmarka, havet, lyset og bygda gjer staden vår heilt unik».

Også på **Visterøy/Buarøy** meina dei det er viktig å ta vare på landbruket. Ein innbygger uttrykker verdien av landbruksaktiviteten slik: Det gir meining å: «skapa ein levedyktig gard med matproduksjon, oppleve artsmangfaldet i skjøtta kystkulturlandskap både i dyreliv, planteliv og fugleliv. Oppleva fiskarbondens liv slik fiskarbonden levde. Arbeida med dyr og folk tett på naturen. Lokal matproduksjon og fiske. Skapa lokale arbeidsplassar, tilleggsnæringar og gardsturisme».

## 5. Område i Øygarden med viktige naturverdiar

Som beskrive av innbyggjaren på Visterøy, er eit aktivt landbruk viktig for å oppretthalda opne kultur- og naturlandskap, kulturmiljøet og naturmangfaldet i Øygarden. Samstundes har vi som kommune høge ambisjonar om fleire innbyggjarar, arbeidsplassar, betre vegar og nye bygg til både private og offentlege tenester. Ambisjonar om vekst og utvikling inneber oftast at naturen blir prioritert ned. Samstundes veit vi at nedbygging, oppstyking eller attgroing, grunna landbruksdrift som blir lagt ned, er nokre av dei viktigaste årsakene til at naturmiljø, naturtypar og artar blir trua eller forsvinn. Dette gjeld også for Øygarden (sjå kunnskapsgrunnlag om [Natur i Øygarden](#) og [Landskapsanalyse](#)).

I samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034, har vi vedteke eit mål om at «Øygarden er staden for gode naturopplevingar, fordi vi tek vare på naturen vår, på land og i sjø». Dette målet skal vi blant anna oppnå gjennom å «ta vare på viktig natur, artsmangfald og kyst- og kulturlandskapet». Interne kartleggingar og registreringar viser likevel at vi har planlagt å bygga ned natur fleire stader i kommunen (sjå [Kartforteljinga Verdiar i Øygarden](#)). Som del av arbeidet med arealdelen til kommuneplanen skal slike konflikhtar mellom planlagt utbygging og natur, vurderast og tas stilling til. Innbyggjarane si meining av kva som er viktige naturområde og -verdiar, skal også vurderast og leggst til grunn som viktig kunnskap i planarbeidet. I medverknadsarbeidet har vi fått mange slike innspel; både i tekst og kart.

### Naturverdiar nord i Øygarden som innbyggjarar meiner bør takast vare på

Frå **Rotøyna**, som ligg heilt nord i Øygarden sør for Herdla, er det spelt inn at dei ønskjer at øya skal bli klassifisert med verdifull kystlynghei. Pr. i dag er ikkje Rotnøyna kartlagt for slike naturverdiar, men ønskje om å verna om kystlyngheia er godt ivareteke i landskapsanalysen for området. Som det går fram av [Kriterium for vurdering av landskapsverdiar i Øygarden](#) er heile delområdet «Nordøyna, Hernar, Lyngøyna» (inklusive Rotøyna) klassifisert som å ha særskilt høg landskapsverdi, og såleis bør tas vare på for framtida<sup>2</sup>.

Lenger sør, i området **Alvøyna**, blir det vist til viktig «*beiteområde for villsau i utmarka mot Langesund. Beiting er her viktig slik at kystområdet ikkje blir overgrodd og viktig dyre- og planteliv går tapt. På vestsida finst også fine rekreasjonsområde, og ei strandsone med myr- og lyngområder med rik fuglefauna*»<sup>3</sup>.

Som nemnt i kapittel 4 har vi fått mange innspel frå **Blomvåg-området** som signalisera ei tydelig interessekonflikt mellom å «bygga ned meir natur» kontra å «ta vare på den naturen dei har att». (sjå grøn boks, figur 5.1.).

Samstundes viser innbyggjarane til spesifikke naturverdiar dei vil ta vare på i området (sjå kart 5.1.). Blant anna løftar dei fram viktigheita av naturområdet nord for Blomåsen og «Kåreløypa». Der går det an å oppleva delvis urørt natur: «*Havørn og hjort bur her og eg ynskjer at deira livsområde blir teke vare på. Sjølv om havørna ikkje er på raudlista no, er dette ein fugl eg meiner me bør strekkja oss langt for å bevare. Det betyr at Ljøsneset bør fredast frå industri. Strandsona betyr mykje for meg. At*

<sup>2</sup> Per no er ikkje dette innspelet merka i kart 5.1, men naturverdien vil likevel vera del av kartforteljinga om kva for verdiar som er viktig å ta vare på i bygdene våre.

<sup>3</sup> Per no er ikkje desse innspela merka i kart 5.1, men naturverdiane vil likevel vera del av kartforteljinga om kva for verdiar som er viktig å ta vare på i bygdene våre.



*tilgang til sjø ikkje vert stoppa av brygger, gjerder eller industri. Strandsona rundt heile Blomøy skal vera tilgjengeleg for alle så langt råd er. Blomevatnet er eit viktig økosystem som me bør ta vare på og gjerne leggja til rette for at fleire kan få oppleve. Her lever det fugl, fisk, dyr og plantar som me bør ta vare på for framtida».*

*«Vi leser stadig i Vestnytt om nye planer for industrietablering her, for eksempel planer på Ljøsneset og ved Kollsnes. Vi som bor her vet lite eller ingenting om hva det vil bety for oss lokalt. Svaberg og lyng blir planert ut til industritomter, det påvirker strandsone, artsmangfold og friluftsområder». «Kystnaturen vestom må takas i hevd. Dei areala som ikkje er nedbygd av industri må bevarast for framtida, til bruk for folk flest og nokre areal bør kunne tilretteleggast for besøkande/turistar».*

*«Status for områda nord om Rong, er at det pågår ei storstilt utbygging av areal til industri på Blomøy og på Oøy. På Blomøy er Northern light opna hausten 2024, og det skjer utvikling og utbygging av grøn industri i Energiparken. Areal som skal byggjast ned er store og grensar opp mot bustadområdet på Dale og Blomåsen. Det er eit ufråvikeleg krav at denne utbygginga ikkje skal føre til verdiforringing av eigedomar i desse områda. Det kan berre gjerast ved at grensa mot bustadområda vert så stor at eksisterande og ny industri vert ute av syne og øyre for innbyggjarane som bur her. Det er kanskje best å minna om at busetnaden her kom før industriutbygginga tok til. For framtida må all denne utbygginga setjast krav til å vere miljøvenlege, og må skåne livet på land, i naturen og i sjøen, som vert råka av industrialiseringa.*


*På Buneset på Blomøy er det lansert ynskje og det skal utgreiast såkalla fem småskala kjernekraftverk. Storleiken av ein småskala modul seiast å vere på storleik med ein Ullevål stadion. Det vil kunne gje nedbygging av areal på storleik med fem stadion à la Ullevål stadion. Det seier seg sjølv at dette vert å rasere så mykje kystnatur, at Øygarden kommune MÅ seie nei til dette og annan industri i same området. I den nye KPA må Blomøy vest om fylkesvegen verte spart for meir industri. Dette området må få grønt stempel i ny plan.*

*To områder utanfor Øygarden kommune er aktuelle for havvind, seier Energiminister Aasland til Vestnytt 25. april 2023. Det vert vist til at Statnett søker konsesjon for ny trafostasjon på Kollsnes, og at dette vert eit gunstig tilknytingspunkt for havvind. Interessekonfliktane er mange og det kjem fram at områda vert synlege frå land. I Øygarden kommune sin KPA må det kome tydelege signal om at ein ikkje vil akseptere at havvindområda vert synlege frå Øygarden. Områda for havvind er og i interessekonflikt med områda sett av til CO2 lagringa frå Northern Light sitt anlegg.*

*I området søraust for Kvalstasjonen i Blomvåg, og midt i auga til dei som går tur til Rambua dagsturhytte, vil aktørar byggje nytt CO2 anlegg, og utvide sona for næringsutvikling sørover. Det kjem fram i innspelet, at ein ynskjer å frakte CO2 vidare til Energiparken gjennom røyr i området. Dette er planar som umiddelbart må stoppast».*

*«Tida for bygging i myr og kystlyngheiene må vera forbi, og me minner om raudlista over sårbare og trua arter, blant anna er hubro plassert i kategorien sterk trua».*

Figur 5.1. Døme på innspel om interessekonfliktar mellom å bygga ned kontra ta vare på natur.



Andre naturverdiar i området som er viktig for lokalbefolkninga er:


- Området mellom Blomeneset, Rambogen og Bårdalslia, der det er hjort.
- Dalen på Dale: Viktig naturområde med myr og kulturmark.
- Steinsvatnet er viktig drikkevatt, men og eit turområde som må takast vare på.
- Hubro i området rundt Steinsvatnet.
- Strandsona på austsida av Blomøy-Blomevatnet (med Hedledalen, ned mot Sælstø), er eit viktig vass-økosystem som me ikkje har mange tilsvarande av.
- Leiro Vest for Sæle. Fint badeområde og lang grunne med skjelsand som er unik med sitt eige økosystem.
- I Stølemyra og ut til Klesvika er det mykje ål. Det er og ei elv/bekk med sjøaure.
- Det er fine fiskeplassar ved Kvalstasjonen og Rambogen/Blomeneset.

Kart 5.1. Naturverdiar, merka i kart, som bør tas vare på nord i Øygarden (sjå også fotnote 1 om merka punkt og felt).

**Naturverdiar på Litlesotra – Bjørøy - Tyssøy som innbyggjarar meiner bør takast vare på**  
Frå Litlesotra og Bjørøy-Tyssøy er det hovudsakeleg turstiar, moglegheita til å ferdast i utmark og tilgang til sjø som løftast fram som viktige naturverdiar. BOF-området på Tyssøy, er blant anna nemnt (sjå også merka punkt nord på Bjørøy i kart 5.2.)

På Litlesotra er rundløyper i Snekkevik «mellom bustader og langs sjø, og rundurar og stiar mellom Snekkevik - Gavlen - Ebbesvik og i LNF-område», spelt inn som viktig natur å ta vare på for innbyggjarane. I tillegg er «våtmarkene mellom Hjelteryggen og Våge viktig for naturmangfaldet». Verdien av skog tett på er også «ein læringsarena» for barna i området.

Kart 5.2. Naturverdiar Litlesotra, Bjørøy og midtre deler av Øygarden som er viktig å ta vare på for framtida (sjå også fotnote 1 om merka punkt og felt).



## Naturverdiar i områda Kolltveit-Knappskog og Fjell-Ulveset som innbyggjarar meiner bør takast vare på

Innbyggjarar frå områda Kolltveit-Knappskog-Morland viser også til viktigheita av å ta vare på naturverdiane dei har rundt seg (sjå også kart 5.2):

«All utmark (og innmark) i Midtmarka (Spjeldsfjellet, Skjenet, Fjæreidepollen, Kolltveitmarka, Morlandsvatnet) er områder med høy verdi, som er mye i bruk og er med på å sikre sammenhengende naturområder i en kommune preget av stor utbyggingstakt og fragmentering av naturen. Disse områdene er i dag lett tilgjengelig i kort avstand fra bebyggelsen på Knappskog og er til stor verdi for innbyggerne her. Det finnes også en rekke badeviker, strender og områder i strandsonen som er lett tilgjengelige for allmennheten i dag og disse er det viktig at vi bevarer også i fremtiden».

Innbyggjarane legg til at: «naturen nær Knappskog er mye brukt, og er viktig for trivsel og helse til oss som bor her». Det finst også verdifull kystlynghei. I tillegg meina dei at: «sjøen på Areknappen har eit stort potensiale. Område er allereie planert og er i direkte beliggenhet til nydeleg sandstrand».

Rundt **Ulveset** spelar innbyggjarane inn at det er:


«både dyrka mark kulturbeite og utmarksområde som må vernast i høve til utbygging og nedlegging. Ulvesetvatnet er eit godt fiskevatn og har fleire moglegheiter for bruk, utan at dette må kome i konflikt med eit aktivt landbruk. Her er fleire fine turområde, - men, med beitande dyr store delar av året. Dette gjer at vi både må leggje til rette for, men òg begrensa, tilgang for turgåarar, lufting av hundar m.m. Eg tenkjer òg at vi skulle vore flinkare til å ta vare på, og lage tilgang til gamle steingardar, torvhus og andre kulturminne i området. Det ligg mykje historie og lærdom i desse, noko vi bl.a. har nytta i undervisningssamanheng for barneskuleelevar».

## Naturverdiar sør i Øygarden som innbyggjarar meiner bør takast vare på

**Sørvest i Øygarden** har vi også naturverdiar som innbyggjarar ønskjer å ta vare på (kart 5.3). Til dømes viser dei til viktigheita av: «Fiskeområde langs land, ut til holmar, skjær og dels i opne sjøområde som bør vernast. Særleg er dette viktig på vestsida. På land er det store og små naturverdiar som strandsoner, myr, kystlynghei, m.m.».

Det blir også vist til rikt fugleliv ved Sangoltsvatnet: «her er det mykje fuglar, som and, svane, hegre, havørn, ugle og mykje småfugl som gauk, hakkespett, kjøttmeis, linerle, svarttrost mfl. Fuglelivet er verdifullt og må vernast for framtida».

Kart 5.3. Viktige naturverdiar sør i Øygarden (sjå også fotnote 1 om merka punkt og felt).



På **Sangolt** viser dei til kulturmiljø med «*gamle steinhus som må også tas vare på*». Også kjerrevegar må haldast ved like som gode turvegar i området. «*Desse vegane bør også gjerast tilgjengelege for traktor, til hjelp for å ta ut attgrodd skog og slik kunna nytte den utmark som er attgrodd*».

I **Telavåg** vil dei også verna om naturverdiane sine: «*Telavåg er omkransa av utmark på alle kantar, og vi er svært heldige som har store samanhengande turområde rett utanfor dørene våre. Urørt natur er ein viktig verdi for oss som bur her*».

I innspela frå Telavåg registrera vi at det også finst interesse motsetnad i området:

«*Vi som grunneigar har nyleg mottatt varsel om oppstart for start av vernearbeid av Nasjonalt viktig natur i Sørvestre Øygarden, og det er mellom Glesvær, Kausland og Telavåg. Det kan vera mange gode tankar med dette, men det vil bandlegge utvikling for all framtid. Grunna dette vil mange grunneigarar miste sitt handlingsrom med eigen eigedom og vi ber om at vi blir lytta til ved vidare innspel til arealdel. Fleire grunneigar har tidlegare gitt innspel om at området rundt Ådnavika/Goltaveien opnar opp for vekst og utvikling til bustad og hyttefelt. Det må leggjast til rette for fortetta busetnad i bygdene og oppretthalde og utvikle fiskarsamfunnet. Det er fiskarsamfunnet med litt jordbruk som har utvikla og forvalta for eksempel kystlyngheiane. Vi må heller ikkje gløyme historia der Sund kommune sa de skulle lage badevik i Ådnavika, mot at dei fjerna ein nydeleg bade plass i Porsvika. Vi trenger tilkomst til fleire badeviker og sjø. Igjen må vi kunne tenke fleire tankar samtidig og ikkje lage slike svart-kvite skilje mellom bustad, hytter, næring og rekreasjon. Det har vore ei merkevare i fortida til bygdene- klart å balansere mellom ulike område å ta omsyn til. Ting har gått hand i hand*».

«*På Selstø har det i det siste vore snakk om å legga industri Seltsøvågen, tett opp til det føreslegne naturvernområdet. Vi håpar kommunen vil prioritera å ta vare på naturverdiane på Selstø, og elles i Telavåg. Samspelet mellom utmarka, havet, lyset og bygda gjer staden vår heilt unik*».

## 6. Områder som er viktig for innbyggerane sine kvardagsaktivitetar og friluftsliv

Tradisjonen for friluftsliv i Noreg bygger på allemannsretten, men denne retten gir ingen garanti for at alle friluftssareala blir verande utmark (landbruks-, natur- og friluftsmål i arealdelen til kommuneplanen) som alle kan ferdast i. Til dømes er landbruksdrift med beiting og skjøtsel, viktig for at friluftsområda våre ikkje gror att (jf. kapittel 4 og kunnskapsgrunnlag om [Friluftsliv i Øygarden](#)).

Landbruks-, natur og friluftsområda blir også utsett for press, bygt ned og/eller redusert i størrelse. Ulike former for utbygging kan og redusera naturen sitt visuelle uttrykk og skapa ulike former for lyd- og lysstøy. Ein innbyggerar frå Blomvåg, til dømes, skriv følgjande:

*«Det må seiast at det er ikkje så vakkert å ha Blomfiskeoppdrett sitt anlegg rett utanfor stoveglaset. Det er ikkje særleg stas når det vert faklar på Kollsnes gassanlegg slik at det lyser opp himmelen om natta. Det er ikkje særleg stas å gå på tur i «Kåreløypa» når det vert bygd stadig fleire store klossar av industribygg i Kolsnes næringspark. Til deg som spør om kvifor det er godt å bu på bygda: Ein treng arbeidsplassar og ein treng industri, men tenk på om kanskje de skulle ha fått ein arkitekt og landskapsplanleggjar til å utforma bygga slik at dei kan passa betre inn i naturen....og til å syta for at det vert minimalt med inngrep.*

*Kva skjer når CO2 fangst ikkje er aktuelt lengre? Når gassen og olja er oppbrukt? Når Batteriparkane og serverparkane har gått konkurs og er lagt ned? Kva skjer? Med bygga? Med infrastrukturen som er bygd rundt desse gullkalvane? Er det lagt inn krav om etterbruk? Er det lagt inn krav om gjenvinning av byggematerialar og tilbakeføring til naturen igjen? Er det lagt inn krav om norsk eigarskap (slik at pengar og inntekter kjem fellesskapet som ofrar naturen sin til gode) eller at eigedomar skal bli ført tilbake til norske eigarar eller stat etter så og så lang tid?».*


Som illustrert i innspelet tek ikkje alltid utbyggingsprosjekt godt nok omsyn til bebyggelsen, eller korleis innbyggerane brukar naturen og friluftsområda sine: «kystlynghei i området Blom-Blomvåg og Knarvik mot Oen er verdifull for oss med tanke på friluftsliv, naturverdiar og beiteområde for villsau. Difor meiner me at desse områda ikkje må byggjast ned for å gje plass til meir næringsdrift».

### Viktige friluftsområde og møteplassar nord i Øygarden

Frå **Hellesøy og Bakken** krins viser dei til viktigeita av turområda som er del av [Kystpasset](#). Dvs. «turområde med turstiar og turveggar frå gravplassen til Gløvrebu/Sæle, tursti til Rubbeganståne, den gamle kyrkjevegen frå Hellesund/Bakken til Hjelme gamle kyrkje». Dei legg til at dei «mangler tilrettelagte badeplasser i bygdene våre».

Innbyggerane frå Hellesøy løftar også fram «Miljøparken, Aktivitetshuset, Hengjo og kyrkja (nye og gamle)» som viktige møteplassar for alle generasjonar i området. Hjelme gamle kyrkje meine dei bør opprustast «med varme og WC slik at den kan nyttast heile året til konsertar og liknande. NMU er villig til å støtta disse tiltaka, men då må kyrkja og kommunen også vera aktive støttespelarar. Kyrkja

vart rehabilitert for mange millionar kroner for nokre år sidan. Då er det synd at den er så lite brukt. Me trur at disse tiltaka vil vera med å bevare kyrkja betre»<sup>4</sup>.



I Blomvåg er tur til Kvalstasjonen populært. På denne strekninga treffer dei alltid kjente, og blir såleis opplevd som ein viktig møtestad i naturen. Ved Kvalstasjonen kan dei også «fiske og det er ein fin bade plass». Blomevatnet er og ein viktig bade plass for dei.

I tillegg viser fleire innbyggjarar til eit mykje bruk turområde rundt Steinsvatnet, og betydninga av Kåreløypa «som no er kome i konflikt med Energiparken Sør».

Andre fortel at dei dagleg går tur i «marka» i heile Blomvågen: «frå Knarrvikje om Blomøyneset», til «Rambogen/Romboghøyen, Planteskogen, Blomeneset, Eide, rundt Steinsvatnet og Kåreløypa; på nordaust sida av fylkesvegen mellom Blom og Næringsparken» (kart 6.1).

Kart 6.1. Områder og punkt for friluftsliv, som er merka i kart, nord i Øygarden (sjå også fotnote 1 og 5).

Det blir også vist til flotte tur- og bademoglegheit i Fløyte og mange av holmane i Stølemyra. Der er det mange fiskeplassar, teineplassar, plassar for stupebrett, kano og kajakk. For å ta vare på denne naturen og leggje til rette for økt friluftsliv, ønskjer dei å verna området som LNF.

<sup>4</sup> Friluftsliv-, turområde og møteplassar frå Hellesøy-Bakken krins er ikkje registrert i kart 6.1., men vil vera del av kartforteljinga om viktige verdiar å ta vare på i bygdene våre.

I Stasjonsvegen har velforeininga laga samlingsplass for nærmiljøet: «*Det er opparbeida grill og bål plass med benkar og bålgruve med sitjeplassar der me samlast og har ein del arrangement og aktivitetar. (...) Ved Kvalstasjonen som er rekreasjonsturmål for dei eldste i nærmiljøet, er det plassert benkar. Dette meiner me gjer plassen særpreg - lun koloni, stille, fredeleg, rett og slett ro og terapi for sjela*».

Bergen og Hordaland turlag og Sotra Øygarden turlag har også spelt inn at området rundt Blomvåg er viktig, men og sårbart: «*I nordre del av Øygarden er landområdet smalt og dei tilgjengelege turområda for folk som bur her, er sårbare mot nye inngrep. Det innsirkla området (rundt Blomvåg) er spesielt viktig, då det her er fleire turforslag og stiar. I tillegg ligg dagsturhytta i dette området, med åreleg besøk på 20.000-25.000*».

Elles viser innspela frå Blomvåg til at uteområdet til den nedlagte skulen i Blomvåg blir mykje nytta av innbygarane. Blant anna viser dei til «*leik og ballspel, hundetrening og målepunkt for kvardagsturane*». Dei legg til at «*skulen som møtepunkt for aktivitet (ute og inne), kunne vore meir brukt dersom kommunen hadde ein plan for etterbruk*».


I området **Alvøy** viser dei også til fine oppmerka stiar som dei nyttar til friluftsliv, men legg til at det er behov for fleire parkeringsplassar opp mot natur og ved «*Kystpass-stiar*». Det same gjeld for

området ved Skjærgardsheimen leirskule. Elles blir det vist til Bergen og Omland sitt friluftsområde, med viktige tur og bade plassar på vestsida/Langøyna. Dette området blir mykje brukt, både av lokalbefolkninga, leirskulen og mange tilreisande<sup>5</sup>.

### Viktige friluftsområde og møteplassar på Litlesotra og Bjorøy/Tyssøy

På Litlesotra er Kyrkjevegen viktig for innbygarane (kart 6.2): «*kvardagsturen blir ofte lagt til Kirkevegen mellom Foldnes og Hjelteryggen – både for ein gå- og sykkel tur*».

Kart 6.2. Viktige områder for friluftsliv i midtre delar av Øygarden, som innbygarar har merka i kart.



<sup>5</sup> Friluftsområda som er nemnt i område Alvøy er ikkje merka i kart 6.1., men vil vera del av kartforteljinga om viktige verdiar å ta vare på i bygdene.


Andre viser til glede av å gå til sjøen og «naustet for å nyta ro og slappa av», eller vera ute i «marka mot Anglevik, eller ned mot hyttefeltet». En liten «tur med dei minste til Larslibu er også fint».

Andre viktige område for turar og friluftsliv er:

- «Ebbesvikfjellet, Gavlen, Storevarden, Snekkevik, skogen bak Brattholmen skule, skogen på Straumsfjellet med lavvo».
- «Frå Vanntårnet har vi fantastisk utsikt og soloppgang».
- «Skulane og viktig møtestadar for innbyggjarane».

Innbyggjarar frå **Bjørøy-Tyssøy** viser også til skulen og barnehagen som møteplass, og er glad for at dei «per no har god kapasitet». I tillegg melder dei om god tilgang til natur og sjø, og at «BOF sitt område på Tyssøy er viktig for svært mange. Her er både bade- og turmoglegheita gode». Også Bergen og Hordaland turlag og Sotra Øygarden turlag har peika på dette området som viktig å ta vare på (sjå kart 6.4.)

Bjørøy barneskule har gjennomført barnetråkk. Det er få elevar som har delteke, men det blir vist til både badeplass og skogsområde som dei likar å opphalda seg:



Kart 6.3. Barnetråkk Bjørøy.



### Viktige friluftsområde og møteplassar i områda Kolltveit-Knappskog og Fjell-Ulveset


Viktige område for friluftsliv på Kolltveit og Knappskog er Midtmarka, Bildøyfjellet og Kolltveitmarka (kart 6.2, sjå også fotnote 1). Her er det «gode turområde i alle retningar» og er såleis viktig for friluftslivet til bebuarane i området. Dei tar og kvardagsturar sin til Grottvika, Fjæreidepollen og Spjeldsfjellet.

Skjergarden rundt Geitanger blir og nytta som padle- og fiskeområde, og øyane ytst i Spjeldssundet blir peika ut som mykje brukt friluftsområde. Ein innbyggjar legg til:

*«Vi benytter det rike turutvalget som finnes i hele Øygarden, både fjell som Pyttane, Førdesveten, Liatårnet, Sjeldsfjellet, Russarstegen. Men og alle oppmerkede turer i skog og mark og ved og til sjø. Dagsturhyttene som er bygget ulike plasser i kommunen er flotte tiltak».*

I midtre del av Øygarden har Bergen og Hordaland turlag og Sotra Øygarden turlag merka desse områda som særleg viktige (sjå kart 6.4):

- Området lengst vest inneheld eit større kystområde med vakker natur og mange familievenlege turmoglegheiter. Området peikar seg ut med eit rikt naturmangfald som byr på naturopplevingar. Me vil særleg trekka fram geologisk mangfald, lyngheier, og eit rikt myrområde lenger aust med fleire stiar i området rundt Signalen. Kolltveitmarka er eit populært turområde, men er noko redusert under bygginga av Sotrasambandet.




- Området kring Liatårnet, høgste fjelltopp i kommunen, har mange turar og turforslag. Dette er fjellområde med høg fjellspeg, unikt for Øygarden og med stor verdi for friluftslivet. Heile Fjellparken er eit viktig turområde sentralt i kommunen, som også har turveggar for menneske med rørslehemming.
- Tyssøyna har også fine turmoglegheiter og ei rekke kulturminner.

På Kolltveit har skulen og Knerte barnehage gjennomført barnetråkk. Som illustrert i kart 6.5. viser dei til fine plassar i naturen som dei nyttar til ulike former for aktivitetar. Bl.a. er Midtmarka peika ut som eit flott område med utsikt.

## Barnetråkk Kolltveit

Innspela for Kolltveit kjem frå Kolltveit skule og Knerten familiebarnehage. Nokre av innspela kjem også frå born som går på Knappskog skule. På Kolltveit viser borna til fleire kjekke akebakkar og vatn som er islagte og kjekke å stå på skøyter på om vinteren. Dei opplever ein del trafikk langs Bildøybakken, Kolltveitvegen og Døjsjevegen, og viser til fleire stader der dei kjenner seg utrygge. Borna trekk også fram mange fine utsiktspunkt, skogsområde og leikeplassar.



Nokre trekk fram at skulen er ein fin plass med fin utsikt, medan andre meiner det er boss og støy rundt skulen.



Kolltveit ligg tett på sjøen, men det er mange stader bratt terreng. Ingen av borna på Kolltveit har vist til badeplassar i sjø.




Mange synes det er fin utsikt mot Midtmarka frå Kolltveit. Borna likar å gå på skøyter i Nordravatnet, like utanfor bildet.

Kart 6.5. Barnetråkk Kolltveit.

Også på Knappskog er det gjennomført Barnetråkk. Mange gir her uttrykk for at dei likar skogen på Spjeld og turvegen til Spjeldsfjellet. I tillegg peikar dei ut både fleire badeplassar og skøytebanar som dei brukar på vinteren (kart 6.6.).

## Barnetråkk Knappskog

Elevane ved Knappskog skule har kome med innspel på Knappskog. Det er svært mange registreringar på at elevane sykklar på strekninga Spjeld – Knappskog. Med unntak av lysreguleringa ved Spjeld, og nokre kommentarar til Spjeldstunnellen, er det få merknader på at elevane kjenner seg utrygge langs vegen. Mange gir uttrykk for at dei brukar skogen på Spjeld og turvegen til Spjeldsfjellet. Borna peikar ut fleire leikeplassar, badeplassar, og skøytebanar som dei brukar om vinteren.



Fleire av borna trekker fram skulen og skuleområdet som ein fin stad.



Barnehagen på Knappskog ligg like ved skulen. Spjeldsfjellet i bakgrunnen av bildet er eit mykje brukt turområde og fint utsiktspunkt.




Sykling er ein populær aktivitet blant borna på Knappskog.

Kart 6.6. Barnetråkk Knappskog.

Utmarksområdet nord for **Ulveset**, og særleg vegen nord for skulen innover i marka, er ein godt likt og mykje brukt turveg – både for folk som bur i området og tilreisande : «*Her finst og gode moglegheiter for å leggje endå betre til rette for tur- og friluftsliv; både for funksjonsfriske og dei med nedsett funksjonsevne. Dette må då gjerast i samarbeid med grunneigarar og bli til nytte og eit gode for alle partar*». Allemannsretten i LNF-områder kan vera problematisk for dei: «*Vi har mange plassar og rundturar i Ulveset området som gjev oss trim, trening, kvile eller ro, alt etter kva ein treng. Men, å opne opp for allmennheita i aktive beiteområde er ikkje berre problemfritt. Noko vi stadig erfarer. Det er mogleg å få det til, men det må både vurderast og leggjast til rette for*».

På **Skålevik** er det gjennomført barnetråkk. Som vist i kart 6.7. peikar dei ut fleire stader i naturen med fin skog og utsikt, plassar dei badar og akar eller skøytar om vinteren:




Kart 6.7. Barnetråkk i Skålevik.

### Viktige friluftsområde og møteplassar sør i Øygarden

På **Glesvær** set dei pris på «joggeturen til Golta. Den er GULL! Og rundstien på Glesnes som vi er stolte over å ha vært med å laget deler av er fantastisk. Her kan du møte unge, eldre og tilreisande. Det er helseførebyggande å lage stiar. Det å lage eit turstikart for kommunen med alle bygdene representert, vil få fleire ut i naturen».

Innbyggarane ønskjer og å utvida turtilbodet sitt: «med rundsti», og adoptera ideen med «Stolpejakt».



Kafeen og kaien på Glesvær er viktige møteplassar, og bør satsast meir på. Til dømes ønskjer dei å: «utvikle en båthamn slik som i Bekkjjarvik. Ei slik hamn vil gi betre tilkomst for båttrafikk og økt omdømme for Øygarden kommune. La Glesvær Båthamn bli en møteplass hvor det også kan gis tilkomst for handikapede og andre. Vi er prisgitt grunneierne, som lar oss få benytte deres område. Kommunen burde bidratt med midler for at veien og området ble mer tilrettelagt for alle parter».

Kart 6.7. Viktige områder for friluftsliv sør i Øygarden, som er merka i kart.

Innbyggarane i **Telavåg** verdset også dei tur- og friluftsområda dei har: «Vi er omkransa av utmark på alle kantar, og er svært heldige som har store samanhengande turområde rett utanfor dørene våre. Urørt natur er ein viktig verdi for oss som bur her».

Samstundes løftar dei fram kor viktig: «aktiv drift av kulturlandskapet er for å halda det ope og tilgjengeleg, inkludert strandsona». Drift er ein føresetnad for å kunna nytta dei eksisterande ferdelsårene. Innbyggarane går mykje tur i nærområdet sitt, også langs: «vegen og gang -og sykkelvegen mot Spildepollen. Dette er ein viktig møtestad».


Også Nordsjøfartsmuseet har stor betydning som møtestad, med fleire faste treffpunkt: «sjølv om skulen er lagt ned, er det framleis masse aktivitet i bygda vår. Vi har ei engasjert velforeining og husmorlag, og det vert arrangert alt frå festival, jonsok, strandrydding til basarar».

Innbyggjarar frå **Sangolt-Forland** tar sine kvardagsturar «rundt Hellemyra, Trappedalen og ned til sjøen i Hope». På «Hope kan ein fiske frå båt og i Sangoltsvatnet kan vi bade». Turane og leikeplassen i Hellevegen er også ein møteplassar der ein treff naboar.

**Visterøy-Buarøy** viser til BOF sine investeringar for å leggja til rette for friområde på Buarøy, men at området per i dag kun er tilgjengeleg for dei som har båt: «På bruk 119 på Visterøy (på enden av vegen) kan det vera mogeleg med tilpassing for å koma seg til med ferja for passasjerar. I så fall vil det kunna opna friområdet til BOF på Buarøy også for dei som ikkje har båt. Dette er teke opp med BOF, og dei er interessert i dette».

Sør i Øygarden viser Bergen og Hordaland turlag og Sotra Øygarden turlag til følgande friluftsområde som særleg viktige:

- Området kring Golta inkluderer eit føreslått verneområde. Områda mellom Telavåg og Golta er blant dei største, mest inngrepsfrie kystlandskapa i Hordaland. Her finn vi store kystlynghei-område, myrar, tjern og noko naturbeitemark. Dette er også eit svært viktig friluftsområde med godt etablerte turstiar. På stien til Grana er det lagt ned mykje arbeid med klopper. Her finn ein også det flotte kunstverket Livets Portal, laga av kunstnar Beate Einen.



- Området i aust er eit anna fjellområde med høg fjellspeg. Her er Vetten, høgste fjelltopp sør i kommunen. Denne er mykje besøkt, og ligg i tilknytning til dagsturhytta. Sundskogen har fleire turstiar og gapahuk/lavvo.

## 7. Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring i bygdene

Bygdene i Øygarden har ei rik kulturhistorie med attraktive ressursar i form av natur, sjø og eit mangfald av aktivitetstilbod. I samfunnsdelen til kommuneplanen (KPS) er det vedteke at vi skal styrka bygdene våre ut i frå dei ulike, men særreigne føresetnadane og moglegheitene dei har. Vidare står det i KPS (jf. kap. 9.1) at vi skal:

- «Legga til rette for næringsutvikling og verdiskaping basert på kystkultur- og fritidsaktivitetar, reiseliv, kultur og landbruk i alle deler av kommunen vår, også der vi kan bygga opp om kulturhistoriske stadar».
- «Legga til rette for aktive lokalsamfunn i bygdene, med møteplassar i form av uterom, samfunnshus, kontorfellesskap og liknande, både i form av nyetableringar og gjenbruk av eksisterande bygg. Her skal vera rom for småskalanæring, landbruk, turisme, reiseliv og lokale bedrifter, også ved å gjenbruka areal eller ved å bruka gamle bygg på ein ny måte».

I medverknadsarbeidet har vi bedt innbyggerane våre gje innspel om kva for lokale ressursar som finst, og kva dei meiner kan skapast og utviklast på grunnlag av dei ressursane bygda dei bur i har.

### Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring nord i Øygarden

Som vist til i kapittel 5 melder innbyggerane på **Hellesøy** om at det finst fine områder for friluftaktivitet og lokale møteplassar som er vikte, også for besøkjande. I tillegg har dei ein kulturhistorisk møteplass i Hengjo.

For å få til lokal utvikling «*må ein kjenne historia og kulturen*», meiner dei. Til dømes er Hellesøy hamn eit knutepunkt mellom sjø og land, men hamna dekkjer ikkje dagens behov:

*«Oppdrettsanlegg og fastbuande treng eit større hamneområde. Kvifor ynskjer reguleringsavdelinga i kommunen å stoppe den pågåande reguleringsplanen for Hellesøy hamn utan kontakt med lokalsamfunnet? I sin tid var dette eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, NMU og private interessentar. Vi treng kommunen ved administrasjonen som ein aktiv medspelar og ikkje berre som ein regelforvaltar og vere mykje raskare med å svare på søknader om ymse byggeprosjekt og reguleringsplanar. I møte med kommunen ble det frå kommunen si side foreslått å etablere eit prosjekt/samarbeidsgruppe som kan medverke til utvikling av bygder der busetnaden/folketal går ned slik som her».*

Innbyggerane meiner Hellesøy Hamn kan utviklast til ein opplevingsplass for turistar, små næringsverksemder knytt til fiske, trafikk knutepunkt mellom sjø og land og ikkje minst ein enda betre møteplass for dei fastbuande. Per i dag har dei for få båt- og parkeringsplassar for reisande til øyane nord i Øygarden. Det same gjeld for turistar som kjem til Hellesøy. Parkeringskapasiteten er også for liten når det er arrangement på Hengjo eller Aktivitetshuset, spesielt vår og sommar. Hengjo, saman med Aktivitetshuset og Miljøparken, er viktige og populære møteplassar, både for lokalbefolkninga og tilreisande.

Å oppretthalda og utvikla turisme og særleg fisketurisme er også spelt inn som mogleg lokal verdiskaping i **Alvøy-området**. Skjærgardsheimen leirskule kan også vidareutviklast ved å opparbeida ei båthamn. I tillegg er Nautnes viktige som fiskarsamfunn og for fiske i området.

Innspela frå **Blomvåg** løftar fram kor viktig det er «å skape betre balanse mellom natur og industri», og legg til: «Øygarden kommune treng fasilitetar som kan møte framtidige behov for lokal, regional, nasjonal og internasjonal turisme. Eit slikt område vil vere særleg aktuelt å ha i nærleiken av hav og naturområde langs kysten. Det å legge til rette for utvikling av denne type aktivitetar, som og motiverer til å auke fysisk aktivitet på land og i sjø, er noko som Øygarden kommune manglar».

Potensialet for å utvikla slike reiselivsprodukt nord i Øygarden blir også uttrykt slik:

«Noko av det nye gullet i tida etter olje -og gasstida, vil vere å utvikle Øygarden som ein destinasjon for gode kyst- og naturopplevingar, samt å utvikle grøn industri på ein måte som gjer at bygdene vert utvikla og ikkje avvikla. Det å utvikle og ikkje avvikle bygdene vil krevje smarte løysingar for utvikling av kystnære områder. Til dømes bør ein opne opp for å byggje småskala næring i tilknytning til sjø på ein måte som gjer kysten tilgjengeleg for fastbuande og besøkande - både frå sjø og land».

Den gamle Kvalstasjonen meiner innbyggjarane bør gjerast om til småskala næring. Dei legg til: «i kommuneplanen sin arealdel (KPA) for gamle Øygarden kommune, er det sett av areal nord om Kvalstasjonen til næring. I samband med ny KPA bør områda nordover, sørover og deler av eksisterande utbygd næringsareal, setjast av som område for å utvikle kystnær næring, service som til dømes kysthotell, fritidsbustader, anlegg for bubilar, camping og aktivitetar i sjø. Til dømes kan fritidsfiske, småbåtliv, bading, kajakk og turveggar for folk flest vere aktuelt». Det er rom for: «natur- og friområde i kombinasjon med kysthotell, camping og aktivitetar på land og sjø».

Dei ønskjer også å utvikla ein møteplass/båtplass for dei som bur i Blomvågen og hyttefolk: «Draumen er å få etablert og utvikla naustområde, rorbuer med båtplass og ikkje minst utvikla området til naturmiljø for bebuarar og hyttefolk. Børsholmen til Blomvågen er registrert som friluftsområde i sjø, noko som er ypparleg for blant anna kajakkpadling og fridykking rett nedanfor Rambua dagsturhytte. Ein anna stor attraksjon er Planteskogen, stor plass med blant anna teater, ulike arrangement, leik, moro, rekreasjon for både born og vaksne. Me ynskjer næringsutvikling som ikkje krev rasering av eksisterande natur, som består av myr, kystlynghei mm.»


Sjølv om innbyggjarane meina at område har stort potensiale innan turisme og reiselivsopplevingar, fryktar dei industriutviklinga:

«På Oøy er det vedtekne planer om å byggje ny trafostasjon på storleik med to gonger slottet i Oslo. Dette kjem i tillegg til den nye Øygardskabelen frå Solsvik til Oøy. På denne måten vert innbyggjarane nord i Øygarden dagleg minna om kor mykje natur som vert bygd ned. Det er difor eit krav at vidare utbygging av infrastruktur, tek høgde for å gjere det best mogleg estetisk for auga som skal sjå dette området kvar dag, og til dei som vitjar området. For bygder som i Oen, Breivik og Herdlevær, er og natur alfa omega for å utvikle Øygarden på ein berekraftig måte. Her finn ein naturområde av kulturhistorisk verdi og som er framifrå å utvikle til naturopplevingar i sjø og på land».

Som nemnt tidlegare er lokalbefolkning også opptatt av at kommunen må avklara etterbruken av Blomvåg skule. Innbyggjarane er tydelege på at «bygningane burde vore tilgjengeleg for lag og foreiningar som ønskjer å gje eit tilbod i nærmiljøet. Bygga kan til dømes nyttast til ungdomsklubb, speidar, matlagingskurs, treningstilbod osv.». Også arealet rundt skulen ønskjer dei å utvikla «til ein samlingsplass som kan byggje opp under det å skape levande bygder». Arealet kan eventuelt nyttast til «ny arbeidskyrkje i Blomvåg».



Få av dei ressursane som innbyggjarane meina kan nyttast til småskala næring nord i Øygarden, er per no merka i kart. Dei som er registrert er vist i kart 7.1.



Kart 7.1. Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring, som per no er markert i kart, nord i Øygarden.

### Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring på Litlesotra og Bjorøy

Frå **Litlesotra** har vi primært fått innspel som peikar på viktigheita av barnehage og skule som lokal ressurs og viktig møteplass, både på Hjelteryggen og Brattholmen. Gjennomgåande melder dei at «Vi treng dette tilbodet».


På Hjelteryggen viser dei også til leikeplassar og Allaktivitetshuset, som er pussa opp gjennom «dugnadsånd». Allaktivitetshuset kan også leigast til små eller store «events». I tillegg husar den ungdomsklubben som er eit

populær tilbod, og ein betre plass for unge å vera enn å «henga på Sartor».

På **Foldnes** blir det vist til Foldnes gard kulturhus som ressurs: «der burde det vore sett i gang større aktivitet for innbyggjarane». I tillegg meiner dei det er stort nok befolkningsgrunnlag til å setjast av areal til nærbutikk i:

«Foldnes/Våge krysset. Det bur mye folk på Våge, Anglevik og Foldnes. Å køyre til Straume for å kjøpe ein liter melk gagnar verken miljø eller anna. Straume er stort sett kaos, når en skal til Straume så møter men ofte køen ved Foldnes skole».

Innspel frå **Bjorøy** viser til viktigheita av å stimulera til aktivitet som gir samhald og identitet i lokalsamfunnet. Til slike formål nyttar både velforeinga og idrettslaget grendahuset på Bjorøy.



Kart 7.2. Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring, som per no er markert i kart, midtre delar av Øygarden.

## Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring i områda Kolltveit-Knappskog og Fjell-Ulveset

På Kolltveit meiner dei det er eit stort potensiale for auka beiting i utmarka. Dette vil gi grunnlag for større landbruksaktivitet basert på dei lokale ressursane. Samstundes vil slik satsing vera eit bidrag inn i brannberedskapen.

Innbyggjarane er også opptatt av ressursane i sjøen og havet:

*«Det gjøres for lite for å sikre vannkvaliteten, herunder rensing av avløp, utslipp fra avrenninger, forsøpling fra industri og privat forbruk, spøkelsesfiske m.m. Ta grep for å bedre situasjonen for livet i havet i vårt område, sånn at befolkningen på Knappskog kan fortsette å drive med småskala fiske til eget bruk. Det har vært en klar nedgang i bestandene i området. Samtidig har vi sett storstilt industrielt fiske av leppefisk til oppdrettsnæring, som kan tenkes å ha hatt betydning for de lokale bestandene av f.eks. kysttorsk».*

Andre løftar fram kor viktig det er at barn og unge har gode møteplassar i området. «Ein felles skuleplass eller fotballbane der dei kan vera saman», er viktig. Velforeininga på Knappskog er aktive, og: «skulle gjerne sett at gamle Knappskog skule ble tatt betre vare på og kunne fungert som en møteplass. Det er lite tilbud og møteplassar for barn og unge».


**På Fjell/Ulveset** har dei ressursar som gjer det mogleg å satsa meir på landbruk og gardsbruk, til dømes «sau, geiter og bier. Dette er dyr som kan gå mye ute, og er viktige for å oppretthalde kulturlandskapet». I tillegg kan det satsast meir på: «turisme, lokalt produserte kler etter gamle Strila-tradisjonar, lokalt produsert mat som grønnsaker, bær og frukt. Biojord av kompostavfall kan også vidareutviklast». Ein innbyggjar skriv:

*«Moglegheitene er nok mange for kvar einaste bygd, men det må alltid ei eldsjel, eller helst fleire, til for å utvikle og drive dette fram. Dette gjeld òg Ulveset. Vi har jo skulen her, med bl.a. uteområde og gymsal som uutnytt ressursar, men òg fleire løer, bygningar og uteområde som kunne vore vidareutvikla og brukte. Men, det står både på menneskeleg ressursar, økonomiske midlar og i nokre tilfelle på altfor omfattande og krevjande søknadsprosessar, samt krav, for å få ting til og i gong. Det kjenner vi til fleire døme på i kommunen vår, og er noko som ein burde sjå på, - om det kan vere mogleg å leggje meir til rette for småskala næring og prosjekt, slik at ein ikkje tek knekken på initiativ og pågangsmot.*

*På garden vår har vi i snart 23 år hatt Inn på tunet-tilbod i tillegg til gardsdrifta og har opplevd samarbeidet med kommunen som veldig positivt i høve til utviklinga av garden, noko som har vore avgjerande for oss og drifta. Dette må vi få meir av i nye Øygarden».*

## Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring sør i Øygarden

Innbyggjarane i **Glesvær** «er stolte av all næring i Porsvika og håper at kommunen vil tilrettelegge området med infrastruktur som gir ytterlegare vekst til smolt og anna næring». Likevel presisera dei at næringa må utvidast mot nord – retning Kvernava, og ikkje koma nærare bustadområdet: «Der er det allereie blitt tett».



Kart 7.3. Ressursgrunnlag, møteplassar og småskala næring, som per no er markert i kart, sør i Øygarden.

Ved å opna for «næring i løer og naust», meiner dei det kan skapst nye arbeidsplassar på Glesvær: «Fleire ungdommar har en liten «grunder» i magen, så la de få leve drømmene sine. Vi kan lage åpne kontorfellesskap i løer og naust, der vi dyrker bærekraftstanken og reduserer CO2-utslipp. Flere stillingsinstrukser innehar tilbud om hjemmekontor. Å ha tilgang til et lite kontorlandskap der en kan møtes på tvers av ulike stilling og selskaper kan gi vekst. Per i dag blir naust nytta til utsal av gardsprodukt frå Midtgarden. (..). Me vil på bakgrunn av dette gje innspel om å auka kvoten på naust opp til 3-5 eininga. På denne måten kan en styrke et allereie etablert naustmiljø på Glesnes. Kva om vi lager aktivitetscenter/utleie for klatring, sykling og ekstremспорт i Løo. Gin- og ølproduksjon med Glesnes logo, ja, det er mange drømmer for framtida på Glesnes».

På **Vistøy** er ambisjonen å nytta ressursane til: «Å skapa ein levedyktig gard med lokal matproduksjon og fiske. Skapa tilleggsnæringar med gardsturisme. Arbeida med dyr og folk tett på naturen. Ta vare på kystkulturlandskapet og dei gamle lyngheiene gjennom bruk».

I **Telavåg** ønskje dei også å nytta ressursane sine på ein berekraftig måte, men i motsetnad til andre bygder meina dei at reiseliv og meir turisme ikkje er vegen å gå:

*«Det er stadig fokus på at vi skal ha fleire besøkande og satsa på reiseliv, men bygdene må også vera for oss som bur her. Villcampere og turturistar vert ei belastning for små stader, og ikkje minst naturen vår. Smale turstiar har blitt til store gjørmebad og dei slepp boss og hundeposar frå seg. Svært mange trur også at allemannsretten inneber rett til å gå kor dei vil, også inn på gardstun, hagar og innmark. Dei fleste trur også dei kan parkera der dei vil, til og med på dei sårbare markene våre eller på våre eigne parkeringar til husa og gardane våre. Utnytting av naturen til denne typen turisme er ikkje berekraftig, og for oss som opplever dette, synes ikkje vi det er rart at folk ikkje vil skapa noko som tiltrekker seg fleire besøkande».*

## Korleis skal vi nytta kunnskapen i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen

Innspele vi har fått i dette medverknadsarbeidet handlar om kva innbyggjarane våre ser som viktige kvalitetar og verdiar i bygdene, og kva for landbruksareal, naturverdiar og områder for friluftsliv dei meiner er viktig å ta vare på for framtida. Denne kunnskapen, saman med gjennomført [landskapsanalyse](#), [strandsonkartlegging](#), [naturkartlegging](#), [landbruksverdiar](#) og kartlegging av områder for [friluftsliv](#) skal nyttast som grunnlag for drøftingar og vedtak av strategiar og prinsipp for arealbruk i bygdene våre. Kunnskapen er oppsummert i kartfortellinga [Verdiar vi skal ta vare på i bygdene](#). Denne kartfortellinga handlar om kva vi bør ta vare på og verna om i bygdene. Jamfør samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden (kap. 9.2) skal det også vera rom for å utvikla. Tema som skal drøftast og arbeidast vidare med er blant anna:

- Bustadutvikling – bustad for alle
- Næringsutvikling – småskala næring
- Klima og miljø
- Infrastruktur i form av veg, vatn og avløp